



Vest-Telemarkrådet

Sykehuset Telemark HF

Kviteseid 21.01.2014

## Høyringsuttale frå Vest-Telemarkrådet

### Høring om utviklingsplan 2014 - 2016 - Sjukehuset i Telemark HF

Forslag til uttale – uttala frå Seljord kommune som handsamast politisk i Seljord formannskap 30.1 og kommunestyret 13.2.

Under er heile uttala frå Seljord kommune (klippa inn), som kan nyttast som utgangspunkt til ei felles uttale frå Vest-telemarkrådet 21.01.2014. Originaldokumentet frå Seljord kommune er også vedlagt:

Seljord kommune,

*uttrykker tilfredshet med at sjukehuset i Telemark HF legg vekt på fagleg styrking av pasienthandsaming og har gjennomført ei analyse av situasjonen og legg fram ein utviklingsplan for 2014 – 2016.*

*er samd i at de tenestane som krev høg kompetanse sentraliserast i sterke kompetansemiljø, samstundes som dei tenestane som kan desentraliserast vert desentralisera ut i fylket. Sentralisering av det som er naudsynt og desentralisering av det som er mogleg.*


*uttrykker tilfredshet med måten sjukehuset har organisera arbeidet med utviklingsplanen på gjennom bruk av fagleg kompetanse i kommunane og på sjukehuset.*

*uttrykker tilfredshet med at eit lokalt sjukehus har fått styrka sin faglegheit på viktige område.*

*legg betydelig vekt på at tilbodet innan psykiatri vert vidareutvikla inn i framtida og tilpassa ei pasientgruppe som treng lokale tenestar i regionen.*

*stillar seg tvilande til realismen i å få ei inntekt på 25 millionar kroner ved sal av bygningane til DPS i Seljord. Sjukehuset bør foreta ei grundig vurdering av marknaden før eit så viktig tenestetilbod blir vurdert lagt ned, slik at urealistiske forventningar til inntektene ikkje vert lagt til grunn for gjennomføringa.*

*legg vekt på at Sjukehuset har ei god bygningsmasse på DPS som kan nyttast til desentralisering av sjukehusstilbod til regionen jf. målsettinga om å sentralisere det som er naudsynt og desentralisering av det som er mogleg. Legg ein til grunn ei vurdering av reiseavstand frå kommunesentra med grunnlag i folketal, vil ikkje Notodden stå fram som meir sentralt enn Seljord for dei kommunane DPS i Seljord leverar tenester til. For å utnytte bygningane på ei god måte kan DPS i Seljord, med ei styrking, bli eit tyngdepunkt for psykiatri for dei 11 kommunane og eit føredøme på desentralisering.*



*uttrykker skepsis til* flytting av sengepostar frå DPS i Seljord. Seljord kommune meiner at dette ikkje er i tråd med prinsippet om sentralisering av det som er naudsynt og desentralisering av det som er mogleg. Dette tiltaket vil redusere tilbodet til ei sårbar pasientgruppe på ein unødvendig måte. Ein styrking og ikkje nedbygging av dagens DPS i Seljord er viktig for å oppretthalde eit viktig og desentralisera tilbod til ein pasientgruppe i heile Vest-Telemark. I tillegg er det eit godt utgangspunkt for fagleg samhandling mellom kommunane i Vest-Telemark og sjukehuset innan psykiatri – eit område som skal starte på ein større utvikling i nær framtid.

*legg betydeleg vekt på* at dei gode tenestane DPS i Seljord leverar er avhengig av eit sterkt fagmiljø som tek utgangspunkt i samhandling mellom eit poliklinisk miljø og ei avdeling med sengepostar for døgndrift. Ei flytting av sengepostane til Notodden vil svekke eit fagleg tilbod i Vest-Telemark. Dette faglege tilbodet er tufta på kompetanse bygd opp over lang tid og tilpassa regionen som ei spisskompetanse som kjem til nytte for dei som er alvorleg sjuke.

*legg betydelig vekt på* at samarbeidet med sjukehuset etter omorganiseringa må styrkast for å sikre ein forsvarleg og pasienttilpassa pasienthandsaming som tek høgde for avstanden mellom kommunane i Vest-Telemark og sjukehuset sine avdelingar.

*er samd i* at samhandling mellom kommunane må vurderast som ein kritisk faktor og at etablering av Lokalmedesinske sentre (LMS) vil bidra til å styrke faglag samhandling mellom kommunane og sjukehuset. Seljord kommune ser på dagens lokalisering av DPS i Seljord som eit godt utgangspunkt for eit slikt samarbeid.

*understreker viktigheten av* at ei ny sjukehusorganisering ikkje påfører kommunane ei auke i arbeidsoppgåvene utan at dette er fult ut finansiera frå Staten gjennom samhandlingsreforma.

*anbefaler* at sjukehuset legg vekt på arbeidet med å få på plass ei luftambulans som kan tene kommunane i Telemark, med særleg vekt på dei som ligg langt frå eit sjukehus tilbod.

*uttrykker tilfredshet med* at sjukehuset legg opp til ei styrking av ambulansetenesta i Vest-fylket. Dette er eit viktig tiltak som må kome som ein konsekvens av sentralisering.



**Saksframlegg**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval		30.01.2014
Kommunestyret		13.02.2014

## Høyring om utviklingsplan 2014 - 2016 - Sjukehuset i Telemark HF

### Saksdokument:

Høyringsdokument Utviklingsplan 2014-2016 – Sjukehuset i Telemark HF

### Saksutgreiing:

Seljord kommune har mottoke eit høyringsdokument som omhandlar vidare utvikling av sjukehuset i Telemark. Dokumentet med vedlegg er tilgjengelig på sjukehuset sine heimesider. I tillegg er sjølve høyringsdokumentet lagt ut i Seljord kommune sin dropbox.

Seljord kommune har gått igjennom dokumentet for å sjå på kva slag konsekvensar dette har for kommunen.

Sjukehuset har ei avdeling i Seljord kommune (DPS-Seljord) som leverar tenestar til 11 kommunar i Telemark. Sidan denne avdelinga er lokalisert i Seljord, vil denne saka også ha eit regionalt perspektiv. Seljord kommune har difor valt å sjå på regionale konsekvensar. Saka vil også bli tatt opp i Vest-Telemark rådet.

### Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet til å legge fylgjande framlegg til vedtak fram for kommunestyret:

Seljord kommune,

*uttrykker tilfredshet med* at sjukehuset i Telemark HF legg vekt på fagleg styrking av pasienthandsaming og har gjennomført ei analyse av situasjonen og legg fram ein utviklingsplan for 2014 – 2016.

*er samd i* at de tenestane som krev høg kompetanse sentraliserast i sterke kompetansemiljø, samstundes som dei tenestane som kan desentraliserast vert desentralisera ut i fylket. Sentralisering av det som er naudsynt og desentralisering av det som er mogleg.

*uttrykker tilfredshet med* måten sjukehuset har organisera arbeidet med utviklingsplanen på gjennom bruk av fagleg kompetanse i kommunane og på sjukehuset.

*uttrykker tilfredshet* med at eit lokalt sjukehus har fått styrka sin faglegheit på viktige område.

*legg betydelig vekt på* at tilbodet innan psykiatri vert vidareutvikla inn i framtida og tilpassa ei pasientgruppe som treng lokale tenestar i regionen.

*stillar seg tvilande til realismen* i å få ei inntekt på 25 millionar kroner ved sal av bygningane til DPS i Seljord. Sjukehuset bør foreta ei grundig vurdering av marknaden før eit så viktig tenestetilbod blir vurdert lagt ned, slik at urealistiske forventningar til inntektene ikkje vert lagt til grunn for gjennomføringa.

*legg vekt på* at Sjukehuset har ei god bygningsmasse på DPS som kan nyttast til desentralisering av sjukehusstilbod til regionen jf. målsettinga om å sentralisere det som er naudsynt og desentralisering av det som er mogleg. Legg ein til grunn ei vurdering av reiseavstand frå kommunesentra med grunnlag i folketal, vil ikkje Notodden stå fram som meir sentralt enn Seljord for dei kommunane DPS i Seljord leverar tenester til. For å utnytte bygningane på ei god måte kan DPS i Seljord, med ei styrking, bli eit tyngdepunkt for psykiatri for dei 11 kommunane og eit føredøme på desentralisering.

*uttrykker skepsis til* flytting av sengepostar frå DPS i Seljord. Seljord kommune meiner at dette ikkje er i tråd med prinsippet om sentralisering av det som er naudsynt og desentralisering av det som er mogleg. Dette tiltaket vil redusere tilbodet til ei sårbar pasientgruppe på ein unødvendig måte. Ein styrking og ikkje nedbygging av dagens DPS i Seljord er viktig for å oppretthalde eit viktig og desentralisera tilbod til ein pasientgruppe i heile Vest-Telemark. I tillegg er det eit godt utgangspunkt for fagleg samhandling mellom kommunane i Vest-Telemark og sjukehuset innan psykiatri – eit område som skal starte på ein større utvikling i nær framtid.

*legg betydeleg vekt på* at dei gode tenestane DPS i Seljord leverar er avhengig av eit sterkt fagmiljø som tek utgangspunkt i samhandling mellom eit poliklinisk miljø og ei avdeling med sengepostar for døgndrift. Ei flytting av sengepostane til Notodden vil svekke eit fagleg tilbod i Vest-Telemark. Dette faglege tilbodet er tufta på kompetanse bygd opp over lang tid og tilpassa regionen som ei spisskompetanse som kjem til nytte for dei som er alvorleg sjuke.

*legg betydelig vekt på* at samarbeidet med sjukehuset etter omorganiseringa må styrkast for å sikre ein forsvarleg og pasienttilpassa pasienthandsaming som tek høgde for avstanden mellom kommunane i Vest-Telemark og sjukehuset sine avdelingar.

*er samd i* at samhandling mellom kommunane må vurderast som ein kritisk faktor og at etablering av Lokalmedesinske sentre (LMS) vil bidra til å styrke faglag samhandling mellom kommunane og sjukehuset. Seljord kommune ser på dagens lokalisering av DPS i Seljord som eit godt utgangspunkt for eit slikt samarbeid.

*understreker viktigheten av* at ei ny sjukehusorganisering ikkje påfører kommunane ei auke i arbeidsoppgåvene utan at dette er fult ut finansiera frå Staten gjennom samhandlingsreforma.

*anbefaler* at sjukehuset legg vekt på arbeidet med å få på plass ei luftambulansse som kan tene kommunane i Telemark, med særleg vekt på dei som ligg langt frå eit sjukehusstilbod.

*uttrykker tilfredshet med* at sjukehuset legg opp til ei styrking av ambulansetenesta i Vest-fylket. Dette er eit viktig tiltak som må kome som ein konsekvens av sentralisering.

Utskrift til:  
Sjukehuset i Telemark HF,